



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5904 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref
201000929- /IV

Dato
9. juni 2011

Endring i deltakarforskrifta - regulering av deltaking i fisket etter lange og brosme

Fiskeri- og kystdepartementet har vedteke ei endring i deltakarforskrifta som medfører ei lukking av deltakinga i fisket etter lange og brosme for kystfartøy med største lengd over 28 meter. Vi ber om at Fiskeridirektoratet på eigna vis følgjer opp vedtaket om lukking, mellom anna avklarar kven som har rett til å delta etter dei nye reglane.

Som foreslått i høyringsnotatet av 16. november 2010 skal dei kystfartøya over 28 meter største lengd som før 24. juni 2010 deltok i direktefiske etter lange og brosme framleis få høve til å delta. Dette vil gjelde fartøy som etter 8. februar 2008 har kome inn i kystfartøygruppa med lasteromsvolum under 300 kbm og største lengd over 28 meter, og som har fiska og landa eit visst kvantum lange og/eller brosme, jf. deltakarforskrifta § 37a andre ledd bokstav a. I tillegg skal også dei som har investert i fartøy over 28 meter før 24. juni 2010 få delta, jf. deltakarforskrifta § 37a andre ledd bokstav b.

I deltakarforskrifta vert *"eier"* definert som *"den som direkte, eller indirekte gjennom foretak, innehar mer enn 50 prosent av eierandelene i et fiskefartøy"*, jf. § 2. For dei tilfella der eigaren av fartøyet som søker om å delta i det lukka fisket etter lange og brosme er ein person, skal aktivitetskravet dermed gjelde denne personen.

Dersom fartøyet har fleire eigarar, eller eit eller fleire selskap eig fartøyet i fellesskap, har departementet vurdert det som mest tenleg at aktivitetskravet skal gjelde den juridiske person som eigde fartøyet som har vore nytta i direktefiske etter lange og brosme før 24. juni 2010, jf. høyringsnotatet. Dette er presisert i deltakarforskrifta § 37a andre ledd bokstav a andre punktum og andre ledd bokstav b tredje punktum. Det er

likevel eit vilkår for deltaking at eit fleirtal av eigarinteressene fyller forskrifta sitt krav til manntalsføring. Som eigar skal reknast éin eller fleire personar som eig til saman meir enn 50 % i fartøyet.

Dersom eit selskap vert oppløyst etter at aktivitetskravet er oppfylt og nokon vil delta på bakgrunn av denne aktiviteten, må Fiskeridirektoratet gjere ei konkret vurdering etter søknad, der realiteten kring den tidlegare eigarskapen vert vurdert. Skal nokon få rett til å delta på grunnlag av den juridiske personen sin aktivitet, bør eit fleirtal av den tidlegare eigarskapen stå bak søknaden. Er det eit mindretal som søker, bør det hentast inn samtykkeerklæring frå eigarar som til saman eigde meir enn 50 % av selskapet, der dei avstår frå sjølv å utleie rett til å delta.

Med helsing

Christian Wormstrand
fung. avdelingsdirektør

Ingrid Vikanes
rådgjevar